

Forfattere

Nils Rune Birkeland
Magnhild Selås
Jon Olav Sørhaug

Kontaktperson:

Magnhild Selås
E-post: magnhild.selas@uia.no

Skriving med KI i lærarutdanninga

Studenten: Hva kan være en metafor for hodet har full tank?

Skriveboten: Hodet mitt er som en overfylt ryggsekk. Dette betyr at hjernen din har masse informasjon, akkurat som en ryggsekk som er pakket med bøker og leker. Når ryggsekken er for full, kan det være vanskelig å finne det man trenger. Så noen ganger trenger vi å ta ut noe av innholdet for å få plass til mer! 😊📚👜 Er ikke det en morsom måte å tenke på det på?

Bakgrunn

Då KI, med skrivebotar som Chat GPT, og Copilot kom, fekk dei raskt ein plass i skrivinga, også i skulen. Dette gjorde det heilt nødvendig å undersøke korleis ein på fornuftig vis kan bruke skrivebotar i skulen, og kva lærarstudentar treng å vite om skrivebotar og skriving.

Mål

Vi ønska å undersøke korleis skrivebotane samhandla med lærarstudentar, når lærarstudentane gav seg ut for å vere elevar. Korleis tilpassa skrivebotane seg "elevane"? Skreiv dei slik ein kunne tenke seg at det passa for elevar på mellom- og ungdomstrinnet? Og korleis kan ein bruke skrivebotar på gode måtar i skriving i skulen?

Metode

I prosjektet brukte vi ei form for utvida praksis. Studentane som deltok i prosjektet skulle først spele rolla som elevar som skulle løyse norskrelevante skriveoppgåver. Dette skulle dei gjere saman med to ulike botar. Den eine var tilpassa elevar i grunnskulen, mens den andre var ein meir generell bot, som ikkje var instruert til å snakke med elevar. Etterpå skulle dei reflektere, som framtidige lærarar, kring korleis samspelet med botane fungerte. Dei måtte også reflektere rundt korleis dei sjølv ville nytta den nye skriveteknologien når dei sjølv blir lærarar.

Skrivebotane:

- er blitt gode på å forstå metaforar,
- prøver å delta i samtalar
- er for pratsomme

Studentane:

- er skeptiske til å sleppe elevane laus på botane
- meiner elevane treng god rettleiing

Resultat

- Skriving med skrivebotar engasjerer ikkje studentane) i rolle som elevar). Interaksjon mellom skriveboten og studentane krev ikkje at studentane er gode til å skrive, men er prega av klipp-og-lim. I rolla som lærar føretrekk studentane å gje elevane ein pedagogisk bot som kan etablere kontakt, til dømes gjennom personleg tilpassa språk og emojiar, sjølv om dei i rolla som elevar sjølv ikkje let seg påverke av dette.
- I rolla som lærarar er studentane skeptiske til å sleppe elevar laus på eiga hand i skriving med botar, til dømes er dei medvitne om utfordringa med at elevar kan la botane skrive for seg.
- Som lærarar meiner studentane at elevane treng god rettleiing for å nytte KI til skriving, men er samstundes medvitne om at skrivinga i skolen kan bli endra i framtida og om at det kan påverke eiga rolle.

